



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Line Thuen Waage

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
17/15961-2

Dykkar referanse:
15/2222 - 17/515

Vår dato:
20.02.2017

Kunngjering 1. gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan – Gnr. 108 bnr. 161 – Fonnebustvegen – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 01.02.17 med framlegg til reguleringsplan for Fonnebustvegen, gnr. 108, bnr. 161 m. fl. i Lindås kommune.

Planområdet er på ca. 5,9 daa og føremålet med planframlegget er å legge til rette for etablering av konsentrert småhus i form av to vertikaldelte tomannsbustader, med til saman fire bustadeiningar på ca. 100 m² kvar. Tilkomst til området er frå kommunal veg via kryss med fylkesveg 400 Fonnebustvegen.

Statens vegvesen har tidlegare brev av 01.07.15 gjeve uttale til varsel om oppstart av detaljregulering av det aktuelle planområdet. I dette brevet fokuserte vi spesielt på tilkomst til området frå fylkesveg 400 og trong for utviding av planområdet slik at ein kunne vurdere trong for utbetring/trafikksikring av dette krysset.

Dette kravet er det teke omsyn til i det vidare arbeidet med reguleringsplanen ved at krysset er teke med i planområdet. Det er vist tilfredsstillande frisiktforhold i krysset, men busslomma som er vist på vestsida av krysset tilfredsstiller ikkje normalkrava i handbok N100 frå Vegdirektoratet.

Statens vegvesen vil setje som krav at busslomma vert regulert med ei utforming som tilfredsstiller handbok N100. I tillegg vil vi krevje at det vert innarbeidd eit rekkjefølgjekrav om at krysset med fylkesveg 400 skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplanen før det vert gjeve mellombels bruksløyve for dei nye bustadane.

Før reguleringsplanen kan godkjennast skal det utarbeidast detaljplaner for krysset som viser at dei tekniske krava til friskt, kurvatur og stigning i handbok N100 er oppfylt.

Detaljplanane skal godkjennast av Statens vegvesen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Før det kan setjast i gang med arbeid for utbetring av krysset skal det vere inngått ein gjennomføringsavtale med Statens vegvesen og det skal utarbeidast ein skilt- og sikringsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen. Skilt- og sikringsplanen skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN